



Hyllestad
kommune
Inkluderande og attraktiv



*Felles tenestestandard for helse- og omsorg
i Hyllestad kommune*

«Kva er viktig for deg?»



INNHOOLD

2. Mål med helse- og omsorgstenestene i Hyllestad	3
2.1 Kommunane sitt ansvar.....	3
2.2 Ord og uttrykk.....	5
3. sakshandsaming ved søknad om helse- og omsorgstenester i Hyllestad kommune	5
3.1 Grunnlag for tildeling	5
3.2 Sakshandsaming i Hyllestad kommune.....	6
3.3 Eigenandel.....	7
3.4 Klage over enkeltvedtak.....	7
3.5 Generelle forventningar til den som handsamar søknad	7
3.6 Forventningar til tenesteytar.....	8
3.7 Forventningar til tenestemottakar	8
4. Avlastning barn	9
5. Avlastning institusjon	11
6. Dagtilbod til eldre og personar med demenssjukdom	13
7. Brukarstyrt personelg assistent (BPA).....	15
8. Dagtilbod 18-67 år.....	17
9. Heimehjelp	19
10. Heimesjukepleie.....	21
11. Førebyggjande heimebesøk	23
12. Demensteam	23
13. individuell plan og koordinator.....	24
14. Kommunal gjennomgangsbustad	26
15. Korttidsopphald i Institusjon	27
16. Langtidsplass i institusjon	28
17. Matombringing	29
18. Omsorgsbustad.....	31
19. Omsorgsstønad.....	32
20. Praktisk bistand og opplæring.....	33
21. Rehabilitering i institusjon	35
22. Støttekontakt	36
23. Velferdsteknologi.....	37
24. Kvardagshabilitering	39
25. Hjelpemiddelformidling	40

26. ergoterapeut.....	41
27. Fysioterapeut.....	42
28. Psykisk helse og rus	43
29. Følgjekort (Ledasgerbevis).....	45

2. MÅL MED HELSE- OG OMSORGSTENESTENE I HYLLESTAD

Hovudmålet i den kommunale helse- og omsorgstenesta er å gje tenester med god kvalitet gjennom brukardeltaking og kompetente medarbeidarar som har fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid løyst gjennom tverrfagleg samarbeid. Dette i kombinasjon med ei teneste gitt innafor vedtekne økonomiske rammer.

Saman med sentrale føringar er dette dokumentet meint å vere rettleiar for kommunen sine innbyggjarar og tilsette. Målet er å skape ei felles forståing for nivå på tenestene som vert ytt med bakgrunn i myndigheitskrav, politisk prioritering, fagleg og juridisk vurdering.

Ein tenestestandard er å forstå som ei skildring av omfang og innhald i ei teneste. Standarden skal vidare seie noko om formålet med tenesta, samt målgruppe og vilkår for tildeling. Dei skal og seie noko om kva tenestemottakarane kan forvente seg av kommunen, og kva kommunen kan forvente av tenestemottakarane,

Tenestestandarden som er omtala i dette dokumentet gjeld frå 01.01.2022 og er gjeldande for Hyllestad kommune.

2.1 KOMMUNANE SITT ANSVAR

Kommunen har overordna ansvar for organisering og fordeling av heilskapelege koordinerte helse- og omsorgstenester lokalt i sin kommune.

Kommunen har planleggings- og driftsansvar for tenestene. Dette gjeld også det faglege og økonomiske ansvaret, samt arbeidsgjevaransvaret for dei som arbeidar der. I samsvar med internkontrollforskrifta må kommunen sørgje for systematiske tiltak som sikrar at aktivitetane i verksemda vert planlagd, organisert, utført og vedlikehalde i samsvar med dei krav som er fastsett i helse- og omsorgstenestelovgivinga.

Helse - og omsorgstenestelova § 3-1 slår fast kommunane sitt ansvar:

«Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester.

Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.



Hyllestad kommune

Inkluderande og attraktiv

Kommunens ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift.

Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om pliktens innhold.

§ 1-1. Lovens formål er særlig å:

1. forebygge, behandle og tilrettelegge for mestring av sykdom, skade, lidelse og nedsatt funksjonsevne,

2. fremme sosial trygghet, bedre levevilkårene for vanskeligstilte, bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer,

3. sikre at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre,

4. sikre tjenestetilbudets kvalitet og et likeverdig tjenestetilbud,

5. sikre samhandling og at tjenestetilbudet vert tilgjengelig for pasient og bruker, samt sikre at tilbudet er tilpasset den enkeltes behov,

6. sikre at tjenestetilbudet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet

7. bidra til at ressursene utnyttes best mulig.» Sunnfjord kommune

Kommunens « sørge for – ansvar» etter første ledd innebærer:

plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at tenesta sitt omfang og innhald er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift.»

Lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1a seier noko om rett til naudsynt hjelp frå kommunen: § 2-1 a. Rett til nødvendig hjelp fra kommunens helse- og omsorgstjeneste

Pasient og bruker har rett til øyeblikkelig hjelp fra kommunen, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-5.

Pasient og bruker har rett til nødvendige helse- og omsorgstjenester fra kommunen. Pasient og bruker har rett til et verdig tjenestetilbud i samsvar med helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1 første ledd, bokstav b.

Kommunen skal gi den som søker eller trenger helse- og omsorgstjenester, de helse- og behandlingmessige opplysninger vedkommende trenger for å ivareta sin rett.

Kongen kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om hva som skal anses som helse- og omsorgstjenester som pasient og bruker kan ha rett til.



Hyllestad kommune

Inkluderande og attraktiv

I tillegg har vi ei rekkje andre føringar som underbyggjer tenesteproduksjonen i Hyllestad kommune;

- St.melding 29 – Morgendagens omsorg
- St.melding 26 – Fremtidens primærhelsetjeneste
- St.melding 15 – Leve hele Livet
- Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering
- Mestre hele livet –regjeringens strategi for psykisk helse
- Forskrift 12. november 2010 nr. 1426 Verdighetsgarantien

2.2 ORD OG UTTRYKK


- Tenestemottakar – den som får tenester
- Tenesteytar – kommunalt tilsette som utfører tenester
- Omsorgsytar – føresette og pårørende som yter omsorg
- KPR – Kommunalt pasient- og brukarregister, lovpålagt kartlegging av funksjon
- Ansvarsgruppe – møtepunkt med brukar på tvers av fag- og sektorgrenser
- Individuell plan – overordna plan for å koordinere tenester for brukaren
- Koordinator –ansvarleg for individuell plan og leiing av ansvarsgruppe

3. SAKSHANDSAMING VED SØKNAD OM HELSE- OG OMSORGSTENESTER I HYLLESTAD KOMMUNE

3.1 GRUNNLAG FOR TILDELING

Målet for tildeling av tenester er å legge til rette for at den enkelte best kan ivareta eigen omsorg og mestre eige liv i størst mogleg grad og kunne bu lengst mogleg i eigen heim. Ein tek derfor utgangspunkt i brukaren sine egne føresetnader og kartlagt tenestebehov « **Kva er viktig for deg**». Pårørende er ein viktig ressurs og samarbeidspart og skal vere med som ein del av kartlegginga av brukar. Bruk av beste effektive omsorgsnivå er også hensiktsmessig for å bruke dei samla ressursane på ein effektiv måte. Tiltaka blir meir ressurskrevjande jo lenger opp i trappa ein kjem.

Omsorgstrappa



Hyllestad kommune ønsker å:

- Sikre søkjar ei individuell og tverrfagleg vurdering av behov for helse- og omsorgstenester
- Tildele rett hjelp, til rett tid, på rett stad, i rett mengde, med mål om å støtte opp om den einskilde sine eigne ressursar og eiga utanfor mestringssevne i kvardagen både i og heimen
- Hjelpemottakar til å bu lengst mogeleg i eigen bustad
- Tildele tenester i tråd med lågaste effektive omsorgsnivå (LEON), innafor gitte økonomiske rammer

3.2 SAKSHANDSAMING I HYLLESTAD KOMMUNE

Hyllestad kommune nyttar IPLOS (individbasert pleie- og omsorgsstatistikk) for å kartlegge søkjar sitt funksjonsnivå med ADL score (måleverktøy for aktivitet i dagliglivet), andre relevante og naudsynte kartleggingsverktøy samt ein individuell samtale med søkjar.

- Søknad om helse- og omsorgsteneste skal handsamast etter aktuelle gjeldande lover, reglar, forskrifter, politiske føringar og i samarbeid med søkjar



Hyllestad kommune

Inkluderande og attraktiv

- Søkjar må bu eller opphalde seg i den kommunen det vert søkt hjelp i
- Søknad må vere signert av søkjar, evt. med fullmakt dersom andre skal søkje på vegne av søkjar
- Sakshandsamar i kommunen tek kontakt med søkjar/ tenestemottakar for kartleggingssamtale seinast tre veker etter signert søknad er mottatt
- Det vert gjennomført KPR – kartlegging i samarbeid med søkjar / pårørande. Behovet for supplerande kartlegging vert vurdert i kvart enkelt tilfelle
- Informasjonsbrosjyre blir levert ut til alle søkjarar og gjennomgått ved behov
- Første vedtak vil ofte vere eit kort utprøvningsvedtak (frå ei veke inntil tre månader) der framtidig tenestebehov blir vurdert
- All datainnsamling vert dokumentert og teken med i vurderinga av tenestebehov
- Søknader og personlege opplysningar vert behandla konfidensielt, og er omfatta av teieplikta
- Søkjar/tenestemottakar skal i møte med helse- og omsorgstenestene få god informasjon om tenester, rettar og plikter, samt god service prega av tilgjengelege og imøtekomande personell
- Ved behov for nødvendig helsehjelp etter sjukehusinnlegging eller akutt behov for nødvendig helsehjelp utan sjukehusinnlegging, vil kommunen vurdere kva tiltak/tenester som skal bli ytt.
- Vedtak om tenester vert evaluert jamleg, minimum ein gang per år. Ved endring av behov skal tenestemottakar gje melding til kommunen

3.3 EIGENANDEL

- Kommunen kan kreve eigendel for enkelte helse- og omsorgstenester. Dette er regulert i eiga forskrift frå helse- og omsorgsdepartementet. Kommunestyret fastset satsar for eigenbetaling kvart år i samband med budsjettbehandlinga. Viser til eige skriv om betalingssatsar.

3.4 KLAGE OVER ENKELTVEDTAK

- Part eller annan med rettsleg klageinteresse kan påklage enkeltvedtak
- Klagen må setjast fram innan klagefristen går ut.
- Klagefrist er 4 veker frå ein mottok eit vedtak
- Klagen bør vere skriftleg
- Klagen må innehalde kva vedtak det vert klaga over
- Klage skal sendast til kommunen, som vidare sender Statsforvaltaren i Vestland

3.5 GENERELLE FORVENTNINGAR TIL DEN SOM HANDSAMAR SØKNAD

Skal gje relevant informasjon om tenester innan helse- og omsorgstenesta



Hyllestad kommune

Inkluderande og attraktiv

- Held teieplikta
- Møter tenestemottakar med respekt
- Handsaming av søknad og tildeling av tenester skjer etter ei individuell og tverrfagleg vurdering
- Handsaming av søknad og tildeling av tenester skjer etter ei individuell og tverrfagleg vurdering
- Vedtaksansvarleg /tenesteapparat vil i samarbeid med søkjar komme fram til kva teneste søkjar har behov for «**Kva er viktig for deg**»
- Det vert gjort vedtak etter helse og omsorgstenestelova og pasient og brukarrettighetslova.
- Vedtaksansvarleg/tenesteapparatet gir beskjed når avtalar må endrast

3.6 FORVENTNINGAR TIL TENESTEY TAR

- Held teieplikta
- Møter tenestemottakar med respekt
- Utfører tenestene i tråd med vedtaket
- Personalet har ikkje høve til å ta i mot pengebeløp eller større gåver
- Tenesteytar har ansvar for rutinar, kartlegging, prosedyrar og innhenting av samtykke for utføring av sine tenester
- Kan yte bistand ved utfylling av skriftlig søknad ved behov.

3.7 FORVENTNINGAR TIL TENESTEMOTTAKAR

- Gir naudsynt informasjon, samt samtykke til innhenting av relevante opplysningar for vurdering og tildeling tenester
- Gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket
Søknaden skal leverast skriftleg av søkjar eller ein som ivaretek søkjar sine interesser «*Kva treng du?*».
- At naudsynt utstyr er tilgjengeleg eller at bustaden vert tilrettelagd der det er behov for det for å utføre oppdraget på ein forsvarleg måte.
- Søkjar gjev beskjed når avtalar må endrast.
- At bustaden er slik at dei tilsette sitt arbeidsmiljø og tryggleik vert ivareteken.
- Sikre at husdyr i heimen ikkje er til sjenanse for tenesteytar
- Sørgje for at huset er utlufta før tilsette kjem, dersom det blir røykt i heimen
- Gir beskjed om endring av behov til tildelingskontoret eller tenesteytar
- Respekterer arbeidstida til tenesteytarane og brukar vakttelefon utanom ordinær kontortid
- Melder frå til tenesteytar om behov for informasjon, råd, rettleiing eller eventuelt klage
- Sikrar at vegen fram til eigen bustad er framkomeleg
- Gir tenesteytar tilgang til bustad, t.d sørgjer for at nøkkelboks kan settast opp



- Det må vere lys utandørs slik at det er lett å finna fram
- Aksepterer at det vert lagt til rette i bustaden, f.eks. med hjelpemiddel og ommøblering

4. AVLASTNING BARN

Type teneste	Avlasting barn
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-6, 2. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2.8
Klageadgang	Lov om pasient- og brukerrettigheter §7-2.
KPR- registrering	Ja
Kostnad	Det er ikkje eigenbetaling for denne tenesta
Mål for tenesta	Å avlaste føresette, slik at barnet framleis kan bu heime.
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Kommunen tildeler tenester på bakgrunn av søknad.• Tilbodet er for føresette og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid.• Omsorgsbehovet er slik at det gir avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid for føresette og familiar.• Omsorgsbehovet er av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og må vere større enn det som er normalt for barnet sin alder.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Avlasting kan skje i og utanfor institusjon.• Kommunen vurderer avlasting opp mot andre tenester og tiltak.• Avlastingsstilbodet gjeld i utgangspunktet ikkje på høgtidsdagar.• Føresette må søkje spesielt om avlasting på dagar der skule og barnehage er stengt.• Barnet må ha med seg naudsynt personleg utstyr, medisinar, hjelpemiddel m.m. til avlasting.• Ein startar med timeavlasting der det er vurdert som tilstrekkeleg, og gjev då dette i eller utanfor heimen.• Ved behov for døgnavlasting for barn under 10 år vil ein som hovudregel starte med besøksheim eller avlastningsbustad. For nokre barn under 10 år kan avlastning gjevast i eigen heim dersom dette er til det beste for barnet og familien.



	<ul style="list-style-type: none">• Utmåling av avlastning aukar i takt medendring i brukarsitt hjelpe- og bistandsbehov, og familien sitt avlastningsbehov <p>Tenesta kan gjevast som BPA</p> <ul style="list-style-type: none">• Kan tildelast i påvente av døgnavlastning• Kan tildelast i kombinasjon med døgnavlastning.
Forventningar til tenesteytar	<p>Tenesteytar skal</p> <ul style="list-style-type: none">• Opptre på ein respektfull måte• Utarbeide tidsfesta plan for avlastning• Utpeike kontaktperson eller primærkontakt til brukar
Forventningar til tenestemottakar	<p>Tenestemottakar skal</p> <ul style="list-style-type: none">• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket• Sørgje for transport til og frå avlastning, inkludert transport av naudsynt utstyr
Merknad	<p>Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon</p>

5. AVLASTNING INSTITUSJON

Type teneste	Avlasting i institusjon
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-6, 2. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2.8
Klageadgang	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.
KPR- registrering	Ja
Kostnad	Det er ikkje eigenbetaling for denne tenesta
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Å avlaste personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid, slik at den omsorgstrengande kan bu lengst mogeleg i eigen heim..(jfr Rundskriv I-42/98)
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen tildeler tenester på bakgrunn av søknad. • Tilbodet er for personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid. • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta. • Omsorgsbehovet er slik at det gir avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid for omsorgsyta. • Den omsorgstrengande kan ikkje vere åleine heile eller delar av døgeret. • Omsorgsbehovet kan vere av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og vere omfattande. • Folkeregistrert i Hyllestad kommune.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Avlastinga er tidsavgrensa. • Tenestemottakar må sjølv betale for aktivitetar som ikkje skjer i regi av institusjonen • Den som tek imot avlastningsopphald må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel. • Omfang og innhald av tenesta vert individuelt tilpassa etter avtale med tenestemottakar. Kommunen har høve til å avgrense tilbodet, etter faglege vurderingar. • Tenesta vert som oftast gjeve som timeavlasting eller døgnopphald på institusjon eller omsorgsbustad.



Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Yte bistand til å skaffe personlige assistentar• Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket.• Tenestemottakar eller anna medhjelpar tek på seg ansvaret som arbeidsleiar, og har dermed også ansvar for organisering og administrering av tenesta innanfor vedtaket sine rårer.• Tenestemottakar eller annan som kommunen godkjenner må ha evne til å kunne ta på seg rolla som arbeidsleiar
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Tilbodet inneheld ikkje utgreiing, behandling og rehabilitering.• Transport til og frå opphaldet
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

6. DAGTILBOD TIL ELDRE OG PERSONAR MED DEMENSSJUKDOM

Type teneste	Dagtilbod for eldre og personar med demenssjukdom
Lovgrunnlag	Lov om helse- og omsorgstenester §3-2 nr 7
Klageadgang	Lov om pasient- og brukerreteittigheter § 7-2.
KPR- registrering	Ja
Kostnad	Det blir ikkje kravd eigenbetaling
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Dagsenteret skal gje tilbod til personar med ulike demens -sjukdommar, som har behov for å komme seg ut for å vere med på aktivitetar og sosial deltaking. • Dagsenter kan verte gitt som tilbod om avlastning for pårørande til personar med demens • Personalet på dagsenteret tilrettelegger og rettleiar aktivitetane ut frå brukar sine egne føresetnadar. • Det vert lagt vekt på ønskjer og forsøkt individuelt tilpassing. • Tenesta omfattar transport tur/retur heim og middag
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • For heimebuande • Brukar er under utgreiing for, eller har ein demensdiagnose. • Brukar må vere i fysisk stand til å nyttiggjere seg tilbudet. • Brukar har behov for å komme ut og kan nyttiggjøre seg tilbudet. • Pårørande treng avlastning. • Behovet for dagplass vert vurdert med utgangspunkt i kartlegging av funksjonsnivå (IPLoS). • Tilbudet bidreg til at ein kan bu lenger i eigen heim. • Personen kan nyttiggjere seg av sosial omgang med andre personar, fellesskap rundt måltid og aktivitetar. • Personen er fysisk oppegåande, og har eit funksjonsnivå som gjer at vedkommande kan fungere med tilrettelegging i daglege gjeremål. • Personen kan ha nytte og glede av aktivitet individuelt eller i fellesskap med andre.



Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• Opningstider er publisert på kommunen si heimeside
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Tenesteytar møter brukarane med respekt og forståing• Tilbodet vert tilrettelagt slik at den enkelte føler meistring i dei arbeidsoppgåvene dei gjer
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Tenestemottakar opptreer respektfullt i møte med tenesteytar• Delta i eige tilbod• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket• Gje melding dersom ein ikkje kan møte opp til avtalt tid
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	Følgje til lege/spesialisthelseteneste/tannlege mm.
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

7. BRUKARSTYRT PERSONELG ASSISTENT (BPA)

Type teneste	Brukarstyrt personelg assistent (BPA)
Lovgrunnlag	<ul style="list-style-type: none"> • Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-8, jfr. § 3-2 punkt 6, bokstav b • Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a og 2-1d
Klageadgang	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
KPR- registrering	Ja
Kostnad	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen eigenbetaling i dag • Etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §11 - 2 kan ein kreve betaling for BPA som teneste
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til at tenestemottakar får leve og bu sjølvstendig i eigen heim • Bidra til at tenestemottakar kan ha eit aktivt og meiningsfylt liv til tross for sin funksjonshemming • Bidra til at familiar med barn med nedsett funksjonsevne kan oppleve størst mogleg grad av likeverd, likestilling og samfunnsdeltaking
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta • Ordninga omfattar ikkje helsetenester • Tenesta ytast vanlegvis i staden for tradisjonelle helse- og omsorgstenester eller praktisk bistand • Tenestemottakar må vere under 67 år for å få tildelt tenesta • Tenestemottakar må ha eit langvarig (over 2 år) og stort behov (minst 32 timar pr veke) for personleg assistanse. • Hjelpebehov mellom 25 og 32 timar pr veke kan ha rett til å få dette organisert som brukarstyrt personleg assistanse dersom kommunen ikkje kan dokumentere at det fører til vesentleg auka kostnader
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Rolla som arbeidsleiar vert ikkje løna • Kommunen er ansvarleg for kvaliteten i tenestene inkl. at det er eit forsvarleg arbeidsmiljø, og etablerer derfor tilsynsordning i kvar einskild sak



	<ul style="list-style-type: none">• Tenesta vert vurdert saman med og/eller i staden for andre tenestetilbod
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Yte bistand til å skaffe personlege assistentar• Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket.• Tenestemottakar eller anna medhjelpar tek på seg ansvaret som arbeidsleiar, og har dermed også ansvar for organisering og administrering av tenesta innanfor vedtaket sine rårer.• Tenestemottakar eller annan som kommunen godkjenner må ha evne til å kunne ta på seg rolla som arbeidsleiar
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Retten omfattar ikkje tenester som krev fleire enn ein tenesteytar til stades eller nattenester, med mindre brukaren kontinuerleg har behov for slike tenester.• Retten omfattar ikkje hjelp i høve skule og arbeid. Nav har ansvar for å tilby støtteordningar i høve skule og arbeid• Personer som får tildelt teneste må være i stand til å ta arbeidsleiarrollen eller ha ein nærstående person som kan vere arbeidsleiar Retten gjeld så lenge tenestemottakar oppheld seg i kommunen
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

8. DAGTILBOD 18-67 ÅR

Type teneste	Dagtilbod 18-67 år
Lovgrunnlag	<ul style="list-style-type: none"> • Dette er ikkje ei lovpålagd teneste, men tenesta inngår som ein del av tenestetilbodet. • Ved nokre høve kan tenesta bli vurdert som avlastingsiltak etter Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-6, 2.
Klageadgang	Lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2
KPR- registrering	Ja
Kostnad	Det blir ikkje kravd eigenbetaling
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Gje trivsel og hjelpe til å kunne delta med samfunnsnyttig arbeid/aktivitet ut frå egne føresetnadar • Opplive ein strukturert og meningsfull kvardag • Ta del eigen livssituasjon og framtid • Vere deltakar i ein sosial samanheng • Ivareta behov for fysisk aktivitet og sansestimulering
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og resulterer i einskildvedtak • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta • Eit tilbod til menneske med psykisk utviklingshemming og menneske med psykiske utfordringar, og som av ulike årsaker ikkje kan delta i vanleg arbeidsliv • Søkjar må ha behov for rettleiing/trening/aktivisering og vedlikehald av ferdigheiter
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Tilbodet vil kunne variere
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> • Brukarane blir møtt respekt og forståing • Tilbodet vert tilrettelagt slik at den einskilde føler meistring i dei arbeidsoppgåvene dei gjer • Open dialog og tett samarbeid om utforming av tenesta til brukarar
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> • Deltaking i eige tilbod • Oppmøte etter avtale • Gje melding dersom ein ikkje kan møte opp



Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Følgjetilfastlege/lege/tannhelseteneste eller spesialisthelsetenesta• Transport til tenesta• Måltid
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

9. HEIMEHJELP

Type teneste	Heimehjelp
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6, bokstav b.
Klageadgang	Lov om pasient og brukerrettigheter § 7-2
KPR- registrering	Ja
Kostnad	Det vert krevd eigenbetaling
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Gje hjelp til praktiske gjeremål i tenestemottakar sin heim • Brukar skal klare seg i eigen bustad med nødvendig hjelp, slik at behov for plass på institusjon vert unngått eller utsett
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og resulterer i einskildvedtak • Tenesta er behovsprøvd og vert tildelt etter kartlegging • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta • Søkjar må grunna sjukdom eller nedsett helse ha vanskar med å ivareta nødvendig stell av eigen bustad
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • I vedtaket vert det skildra innhald og tidsbruk for tildelt heimehjelp • Nødvendig og funksjonelt utstyr til vask og reingjering må være tilgjengelig
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> • Tenesteytar opptre på ein respektfull måte i brukar sin heim • Halde teieplikta • Tilstrebe at brukar får færrast tenesteytarar å forhalde seg til • Tenestene vert gitt til avtalt dag og tid • Dersom tenesteytar er forhindra frå å møte til avtalt tid må det meldast til brukar snarast råd er • Det er mulig å bytte dag så lenge tenesteytar får beskjed om dette innan 1 veke på førehand • Heimehjelp vert ikkje utført på helg og høgtidsdagar. • Dersom hjelpa unntaksvis ikkje vert gitt til avtalt dag vil brukar få tilbod om anna dag • Tenesteytar skal ikkje nytte brukaren sitt bankkort for kontantuttak eller varehandel.



	<ul style="list-style-type: none">• Tenesteytar skal ikkje handtere brukar sine kontantar.
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Brukar skal utføre mest mulig sjølv.• Om ikkje anna er avtalt skal brukar være tilstades når tenesteytar utfører praktisk bistand.• Gi beskjed seinast 1 veke på førehand dersom det er ønske om å avlyse besøket/byte dag. Ved akutte situasjonar må ein gje beskjed så raskt som råd.• Heimen skal være lagt til rette for at heimhjelparen får ein god arbeidsplass.• Bruk av nøkkelboks er ønskjeleg om det er vanskelig for tenestemottakar å opne døra sjølv.• Brukar må syte for naudsynt utstyr i heimen, slik som; vaskemaskin, vaskeutstyr, støvsugar, klutar, toalettbørste og liknande.• Husdyr skal haldast i trygg forvaring så lenge helsepersonell er i bustaden.• Huset skal være røykfritt så lenge helsepersonell er i bustaden.• Tillate tilpassing av hjelpemiddel i heimen dersom dette er naudsynt.• Dersom heimen har behov for grundig opprydding og reingjering må dette utførast av andre før oppstart av tenesta• På vinterstid er det brukar sitt ansvar at det er brøyta og strødd fram til inngangen av huset slik at tenesteytar kjem fram
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Stryke kle• Reingjere område over «skulderhøgde» eller rom som ikkje er i bruk• Opplæring til hushald• Hagearbeid• Nedvask• Vask av vindauge• Bake• Rydde og vaske etter friske pårørande eller besøkjande• Hjelp til kjæledyrhald• Flytte bossdunkar• Frakte boss til bossfylling• Gjere i stand til høgtider• Flytte møbler• Hente post• Måke snø• Hente ved og fyre i omnen
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

10. HEIMESJUKEPLEIE

Type teneste	Heimesjukepleie
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §3-2, 6a
Klageadgang	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2
KPR- registrering	Ja
Kostnad	Det vert ikkje kravd eigenbetaling
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Gje tenestetilbod til akutt eller kronisk sjuke som treng naudsynt helsehjelp i heimen • Gje tenestetilbod på rett nivå ut i frå kartlegging av tenestemottakar sitt behov • Tenestemottakar skal klare seg i eigen bustad med nødvendig hjelp • Behov for plass på institusjon vert unngått eller utsett • Bli mest mogleg sjølvhjelp, og legge til rette for at brukarane av tenesta skal kunne meistre livet sitt trass i tap av ressursar. • Etter brukar sitt behov; bidra med forebyggjande tiltak, rettleiing, rehabilitering og pleie i alle livsfasar.
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak. • Ordninga er behovsprøvd og er tidsavgrensa • Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta • At vedkommande bur eller mellombels oppheld seg i Hyllestad kommune og har akutt eller kronisk sjukdom/funksjonssvikt. • Brukar nyttar si evne til å ivareta eigenomsorg og pasient/brukar si helsetilstand.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Alle som mottar heimesjukepleie meir enn 3 månader kan ha rett på fri tannbehandling frå offentleg tannklinikk • Dersom det oppstår akutte situasjonar i tenesta, kan enkelte oppdrag bli utsett eller avlyst



Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte i tenestemottakar sin heim• Færrast mogleg tenestytarar• Dersom hjelpa ikkje kan gjevast til avtalt dag/tidspunkt vil tenestemottakar få tilbod om anna dag/tidspunkt• Tenesteytar skal ikkje nytte brukaren sitt bankkort for kontantuttak eller varehandel• Tenesteytar skal ikkje handtere brukar sine kontantar•
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Tenestemottakar utfører mest mulig sjølv• Tenestemottakar gjer seg kjend med vedtaket• Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar• Gje beskjed i god tid på førehand dersom det er ynskje om å avlyse besøket/byte dag. Ved akutte situasjonar må ein gje beskjed så raskt som råd• Heimen skal vere lagt til rette for at heimetenesta får ein god arbeidsplass jf arbeidsmiljølova• Bruk av nøkkelboks er ynskjeleg om det er vanskeleg for tenestemottakar å opne døra sjølv• Husdyr skal haldast i trygg forvaring så lenge helsepersonell er i bustaden• Huset skal være røykfritt så lenge helsepersonell er i bustaden• Tillate hjelpemiddel i heimen dersom dette er naudsynt• På vinterstid er det tenestemottakar sitt ansvar at det er brøytta fram til huset slik at tenesteytar kjem fram•
Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer	<ul style="list-style-type: none">• Fylgje til lege og korttidsopphald på sjukeheim• Skyss/transport i bil• Handle matvarer• Tenester som kan utførast ved legesenter (sårstell, blodprøvetaking, urinprøver, injeksjonar mm)• Vi gjev som hovudregel ikkje heimeteneste som tilsyn• Brukar som treng akutt medisinsk/kirurgisk og psykiatrisk behandling, vil verte henvist til spesialisthelsetjenesta.• Det vert ikkje gjeve natteneste (22-08) anna enn i omsorgsbustader ved Hyllestad omsorgssenter
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

11. FØREBYGGANDE HEIMEBESØK

Type teneste	Førebyggande heimebesøk
Lovgrunnlag	Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.
Klageadgang	Ingen
KPR- registrering	Nei
Kostnad	Tenesta er gratis
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> Eit tiltak som skal bidra til å oppfylle kommunen sitt ansvar for det forebyggjande helse- og omsorgsarbeidet Som skal bidra til auka mestring i eige liv for heimebuande med behov Skal vere eit systematisk førebyggande heimebesøk for alle 75+ Skal legge til rette for auka innsats tidleg i utviklingsforløpet av sjukdom og sosiale problem, herunder forebygging og tidleg intervensjon, som kan forhindre negativ utvikling av helsetilstand, funksjonsevne og sosiale forhold Skal bidra til hjelp til planlegging av eigen alderdom
Kriterium for tildeling	Tilbod om heimebesøk til eldre som fyller 75+ og som ikkje har omsorgsbustad eller bur på institusjon
Praktiske opplysningar	
Forventningar til tenesteytar	
Forventningar til tenestemottakar	
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

12. DEMENSTEAM

Type teneste	Demensteam
Lovgrunnlag	Demensteam er ikkje ei lovpålagt teneste
Klageadgang	Ingen

KPR- registrering	Ja
Kostnad	Tenesta er gratis
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Vere eit lågterskeltilbod til dei som har fått utfordringar med å klare små eller store oppgåver i kvardagen grunna endringar i kognitiv funksjon. • Tilbodet kan nyttast av pårørande, for råd og støttesamtalar. • Bistår fastlege og 2.linjetjenesta med utgreiing. • Fungerer på linje med Individuell plan i forhold til koordinering og oppfølging. • Arrangerer pårørandeskule • Mottek henvendelsar frå pårørande, naboar, heimetenesta, fastlegar og 2.linjetenesta • Tilpassing av kognitive hjelpemiddel. • Tilbyr råd, støtte og rettleiing omkring demenssykdom
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Heimebuande personar med kognitive utfordringar.
Praktiske opplysningar	
Forventningar til tenesteytar	
Forventningar til tenestemottakar	
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

13. INDIVIDUELL PLAN OG KOORDINATOR

Type teneste	Individuell plan, koordinator og ansvarsgruppe
Lovgrunnlag	<ul style="list-style-type: none"> • Lov om kommunale helse- og omsorgstenester i kommunen • § 3-4, kap. 7, §§ 7-1, 7-2. • Pasientrettigheitslova §2-5. og §3 • Sosialtenestelova. Kap. 4 § 33. • NAV-lova kap 2. § 15, 3. ledd. • Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator
Klageadgang	Lov om pasient- og brukerrrettigheter § 4A-7



KPR- registrering	Ja
Kostnad	Tenesta er gratis
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none">• Individuell plan er eit hjelpemiddel for å uttrykkje felles forståing mellom brukar og hjelpeapparatet om behovet for tenester og iverksetjing av tiltak• Opprettast tverrfagleg samansett gruppe som består av foreldre/ føresette / brukar/pårørande(avhengig av alder og modning), og aktuelle fagpersonar.• Ansvarsgruppe opprettast i forhold til ein enkelt sine behov eller rundt ein heil familie hvis det er meir hensiktsmessig.• Tilbodet om ansvarsgruppe vedvarer så lenge behovet er der
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none">• Tenestemottakar må ha behov for langvarige og koordinerte tenester som varar i meir enn 2 år, eller resten av levetida dersom denne er forventa å vere kortare enn 2 år• Behov for avklaring av tenestemottakaren sine tenester, ressursar og mål.
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none">• For alle aldersgrupper• Tenestemottakar/føresette skal vere ein aktiv part i utarbeiding av individuell plan• Ansvarsgruppa kan gjennom individuell plan tilrå tiltak og tenester, men det er tildelingskontoret som gjer endeleg vedtak• Det vert oppnemnd koordinator som skal sikre samordning av tenestetilbodet og framdrift i arbeidet med individuell plan
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none">• For alle aldersgrupper• Tenestemottakar/føresette skal vere ein aktiv part i utarbeiding av individuell plan• Ansvarsgruppa kan gjennom individuell plan tilrå tiltak og tenester, men det er tildelingskontoret som gjer endeleg vedtak• Det vert oppnemnd koordinator som skal sikre samordning av tenestetilbodet og framdrift i arbeidet med individuell plan• Aktiv deltaking i å utarbeide mål og tiltak for tenestemottakar• Følgje opp mål og tiltak som vert fastsett i ansvarsgruppa.
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none">• Gjere seg kjend med vedtaket

	<ul style="list-style-type: none"> • Vere deltakar i ansvarsgrupper og i utarbeiding av planen • Mindreårige sin rett til sjølvbestemmelse aukar etter kvart som dei vert eldre, jf. barnelova §§ 31 flg. I takt med at barnet sin innsikt i eigne behov aukar, bør dei samtidig verte gitt auka moglegheit til å medverke i utarbeiding av eigen individuell plan.
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

14. KOMMUNAL GJENNOMGANGSBUSTAD

Type teneste	Kommunal gjennomgangsbustad
Lovgrunnlag	Kommunal gjennomgangsbustad er ikkje ei lovpålagt teneste
Klageadgang	Lov om pasient- og brukarrettighetsloven § 7-2
KPR- registrering	Ja
Kostnad	Husleigesatsar vert fastsett av kommunestyret kvart år
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Hjelpе vanskelegstilte på bustadmarknaden med å skaffe seg ein stabil busituasjon
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> • Søkjar må vere over 18 år, og vere folkeregistrert i kommunen • Søkjar må vere utan eigen bustad, og noverande bustad kan i liten grad tilpassast og tilretteleggast • Søkjar må vere utan inntekt og formue som gjer vedkomande i stand til å skaffe seg bustad på eiga hand • Det kan bli stilt krav om at tenestemottakar inngår avtale med kommunen om butrening <p><u>Prioriterte grupper er:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Menneske med funksjonsnedsetting ○ Flyktningar ○ Personar som kjem frå institusjon/ fengsel ○ Personar med økonomiske problem
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunale gjennomgangsbustader vert tildelt for eit avgrensa tidsrom • Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova <p>Leigeavtale:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vert inngått med kommunen • Er tidsavgrensa

	<ul style="list-style-type: none"> Leigeavtalen kan blir fornya etter søknad og særskilt vurdering Leigetakarar kan søkje bustønad frå Husbanken
Forventningar til tenesteytar	
Forventningar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> Set seg inn i kontrakt og husreglar for bustaden Tek i mot eventuelt tilbod om butrening Ivaretek bustaden Eiga innbuforsikring
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

15. KORTTIDSOPPHALD I INSTITUSJON

Type teneste	Korttidsopphald i institusjon
Lovgrunnlag	Lov om kommunale helse og omsorgstenester §3-2, punkt 6c og d Lov om pasient- og brukar rettigheter §2-1 a andre ledd
Klageadgang	Lov om pasient- og brukarrettighetsloven § 7-2
KPR- registrering	Ja
